



vosskommune

Helse og omsorgstenester i Voss kommune

- Kvalitetsstandard og tildelingskriteria

Voss kommune

Utrågata 9
5701 Voss

Telefon: 56 51 94 00

E-post: postmottak@voss.kommune.no

Foretaksregisteret:
960510542

Bankkonto:





Innhald

1.0	Generell informasjon	4
1.1	Omsorgstrappa	4
	Trinn 1	5
	Trinn 2	5
	Trinn 3	5
	Trinn 4	5
	Trinn 5	5
1.2	Søknadsprosessen	6
1.1.1	Skriva søknad	6
1.1.2	Sakshandsaming	6
1.1.3	Individuell vurdering	6
1.1.4	Vedtak	7
1.1.5	Klage	7
1.3	Brukarmedverknad	7
1.4	Forventningar til tildelingskontor/tenesteytar	7
1.5	Forventningar til søkjar/brukar	8
2.0	Tryggleiksalarm og omsorgsteknologi	8
3.0	Matombringing	9
4.0	Følgjekort / Ledsagarbevis	10
5.0	Dagaktivitetstilbod	10
6.0	Omsorgsbustad	11
7.0	Førebyggjande heimebesøk	12
8.0	Praktisk bistand/daglege gjeremål (heimehjelp og miljøarbeid)	13
9.0	Psykiske helsetenester	14
10.0	Tilrettelagte butilbod – psykisk helse	15
11.0	Miljøterapi rus	16
12.0	Støttekontakt	16
13.0	Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)	17
14.0	Helsetenester i heimen (heimesjukepleie)	19
15.0	Kvardagsrehabilitering	20
16.0	Omsorgsstønad (omsorgsløn)	20



17.0 Avlastning	21
18.0 Korttidsopphald i institusjon	23
19.0 Utgreiing av demens	24
20.0 Langtidsopphald i institusjon	25
20.1 Aldersheim	25
20.2 Sjukeheim	25
Langtidsopphald sjukeheim	25
Vurderingsliste	25
Bustad særskild tilrettelagt for heildøgns tenester.....	26



1.0 Generell informasjon

Dette dokumentet skal gje deg eit innblikk i dei ulike helse- og omsorgstenestene i Voss kommune. Her skildrar me korleis kommunen tildeler dei ulike tenestene i omsorgstrappa til våre innbyggjarar i samsvar med lovar, forskrifter og kommunale tildelingskriterium. Ein ynskjer å skapa ei felles forståing for nivået på tenesteytinga med bakgrunn i krav frå myndigheiter, faglege og juridiske vurderingar og politiske prioriteringar. Basert på dei sistnemnde punkta har kommunalavdeling helse og omsorg utarbeida ein strategi for framtida. Strategien til helse og omsorg har åtte forankra prinsipp som skal flytta fokus frå reparasjon til førebyggjande arbeid:

- Me skal ha ei brei tenesteportefølje – frå vogge til grav
- Våre tenester skal vera brukarsentrert og tilpassa den enkelte brukar sine behov
- Me ventar at våre brukarar deltek aktivt for å betra eigen situasjon
- Våre lovpålagte behandlings- og sosialtenester skal vera stabile, påreknelege og ha rett kvalitet
- Våre førebyggjande tenester skal vera dynamiske, tilgjengelege og ha høg kvalitet
- Me skal raskt ta i bruk digitale tenester
- Me skal samarbeide med andre for å betra kvalitet og tilgjenge

Vår målsetting er å levere tenester av god kvalitet gjennom kompetente medarbeidarar og brukardeltaking.

1.1 Omsorgstrappa

Det er ynskjeleg for dei fleste å bu i sin eigen heim så lenge som mogeleg. Dei fleste omsorgstenestene som kommunen yter til sine innbyggjarar er eit lovpålagt kommunalt ansvar, men kommunen yter tenester ut over det som er lovpålagt. Helse og omsorg har førebygging i fokus i sine tenester. Frivillige organisasjonar og lag på Voss tilbyr også ei rekkje førebyggjande aktivitetar og tilbod. Her finn du ei oversikt: [Brosjyre 60+](#).

I den kommunale omsorgstenesta vert det nytta ord som "tiltakskjeder" og "omsorgstrapp" for å visa til at det finns mange typar omsorgstenester, og at desse må sjåast i ein samanheng. Menneske som har behov for omsorgstenester er ikkje like. For nokon vil behovet for hjelp og bistand vera relativt enkelt og lite, for andre er det snakk om omfattande og samansette tenestebehov. Tenkinga knytt til omsorgstrappa inneheld



ei forståing av at ulike omsorgstenester utgjør dei forskjellige trinna i trappa. Nokon tenestetypar er i hovudsak innretta mot innbyggjarane med eit lite bistandsbehov, nokon mot dei som har store bistandsbehov, medan andre typar tenester kan vera innretta slik at dei både tener menneske med store og små bistandsbehov. Dersom bistandsbehovet vert endra kan ein ta i mot tenester på eit høgare eller lågare nivå. Under finn du ei oversikt over dei ulike trinna i omsorgstrappa:

Trinn 1

På det fyrste trinn er tenestene kommunen yter av førebyggjande art. Eksempel på tenester er førebyggjande heimebesøk, bistand med tilrettelegging av bustad/tekniske hjelpemiddel, fysioterapi, ergoterapi, TT- kort, framtidfullmakt, ledsagarbevis, demenskoordinator, kreftkoordinator, støttekontakt og andre lågterskeltilbod som til dømes gruppetrening og kurs.

Trinn 2

Det andre trinnet handlar om tenestene matombringning, tryggleiksalarm, omsorgsteknologi, dagaktivitetstilbod, omsorgsløn og avlastningsopphald/ vekselplass. Dette er tenester som har som formål å bidra til at den som har eit bistandsbehov kan bli heilt eller delvis uavhengig av personleg bistand.

Trinn 3

Det tredje trinnet syner tenestene heimehjelp, avlastning utanfor og i institusjon for menneske med nedsett funksjonsevne, brukarstyrt personleg assistent (BPA) og omsorgsbustad utan fast bemanning.

Trinn 4

Det fjerde trinnet syner tenestene heimesjukepleie, kvardagsrehabilitering, miljøterapi rus, psykisk helse, korttidsplasser (rehabilitering, avlastning, utgreiing, vekselplass, omsorgsplass). Dette trinnet vil i praksis innehalde tenester for menneske som har frå middels til meir omfattande bistandsbehova.

Trinn 5

Det femte trinnet syner tenestene langtidsoffhald i institusjon og bustad med heildøgnsbemanning/ omsorgsbustad.



1.2 Søknadsprosessen

All tildeling av tenester vert gjort med bakgrunn i kartlegging av søkjar sitt funksjonsnivå etter ei individuell og tverrfagleg vurdering. Prosessen kan skildrast slik:

1.1.1 Skriva søknad

Søkjar er tenestemottakar og søker om dei tenestene det er behov for. Dersom brukar ikkje er i stand til å søkja sjølv, kan andre søkja for brukar. Då skal signert fullmakt leggast ved søknad. Det er ein fordel om du som søker kan greia ut om dine behov for tenester, så langt det let seg gjera. Dersom du treng hjelp kan du ta kontakt med Tildelingskontoret. Søknad skal sendast pr. post til:

Tildelingskontoret v/Voss sjukeheim
Sjukeheimsvegen 15
Tlf: 56 52 13 00
5704 Voss

Lenkjer:

- [Søknadsskjema](#)
- [Skjema for fullmakt](#)

1.1.2 Sakshandsaming

Tildelingskontoret skal vurdere alle innkomne søknadar fortløpande. Me vil kontakta deg så raskt som mogleg og seinast innan 4 veker. Sakshandsamar hentar inn relevante opplysningar for å vurdere søknaden. Dersom saka ikkje vert avgjort innan 4 veker, får du skriftleg melding om årsaka til dette, samt når du kan forvente å få eit vedtak.

1.1.3 Individuell vurdering

Søkjar vil bli individuelt vurdert og sakshandsamar vil greia ut om kva som er det rette tenestetilbodet. Søkjar sine eigne ressursar og aktiv deltaking vil verta avklart i høve behovet for hjelp.



1.1.4 Vedtak

Alle vedtak om hjelp gjeld for ein tidsperiode og skal evaluerast. Vedtaket skildrar kva hjelp søkjar vil få og i kva omfang. Dersom søkjar får vedtak om avslag eller mindre hjelp enn søkt om, skal dette grunngjevast og brukar kan klaga på vedtaket.

1.1.5 Klage

Du kan klaga til Tildelingskontoret innan 4 veker etter at du får vedtaket. Klagen må vera skriftleg og sendast til Tildelingskontoret. Du kan ta kontakt med Tildelingskontoret dersom du treng rettleiing. Andre kan etter fullmakt klage for deg. Dersom Tildelingskontoret opprettheld si avgjersle, sender kommunen saka vidare til Fylkesmannen (lovpålagte tenester) eller kommunal klagenemnd (ikkje lovpålagte tenester). Klageinstansen avgjer då om klagen blir tatt til fylgje. Du kan også klage på sjølve utføringa av tenesta. Klagen skal sendast direkte til leiar for heimetenesta i det aktuelle området.

1.3 Brukarmedverknad

Brukarmedverknad er ein lovfesta rett som er regulert av Pasient - og brukerrettighetsloven §3-1 *Pasienten og brukerens rett til medvirkning*. Alle som søker og mottek kommunale helse- og omsorgstenester har rett til å medverka gjennom å verta høyrte og teke med i utforming og gjennomføring av tenestetilbodet. Brukarmedverknad er eit virkemiddel på fleire nivå; brukarmedverknad kan bidra til at generelle og individuelle tilbod vert meir treffsikre i utforming og gjennomføring. Den som søker bistand vil ha styring over viktige avgjersler i eige liv, og ta imot hjelp på eigne premisser og verta anerkjent og respektert.

1.4 Forventningar til tildelingskontor/tenesteytar

- Kommunen skal bidra med relevant informasjon om tenester innan helse-, rehabilitering- og omsorg
- Det skal vera ei heilskapleg vurdering for hjelp som vert kartlagt saman med søkjar/tenestemottakar og eventuelt pårørande
- Tenestene skal utførast i tråd med vedtak
- Tenestetilbodet vert vurdert ved endring av behov/funksjonsnivå, og elles ein gong i året



1.5 Forventningar til søkjar/brukar

- Skaffa til vege nødvendige opplysningar og/eller fullmakt for innhenting av opplysningar som er relevante for tildeling og utføring av tenester
- Gjera seg kjent med innhaldet i vedtaket
- Tenestemottakar må samarbeida om tilrettelegging av bustad ved trong
- Dersom det er husdyr i heimen, skal det sikrast at desse ikkje er til sjenanse for tenesteytar
- Om det vert røykt i heimen, skal det sikrast god utlufting før tilsette kjem
- Pliktar å gje beskjed om endring av behov til tildelingskontoret eller tenesteytar utan ugrunna opphald
- Avbestilling av middag må skje etter opplysningar gitt i vedtak. Det vert fakturert for middag som ikkje er avbestilt innan fristen
- Brukar må vera i heimen når tenesteytar utfører praktisk bistand. Det må meldast frå seinast dagen før dersom brukar skal reise vekk.
- Brukar må ha nødvendig utstyr som skal nyttast i høve utføring av arbeidsoppgåver
- Gjev beskjed snarast mogeleg dersom det oppstår akutte situasjonar som gjer at brukar ikkje kan ta i mot hjelpa
- Brukar må sjølv betale for skade på kommunalt leigd utstyr som skuldast aktløyse

2.0 Tryggleiksalarm og omsorgsteknologi

Tryggleiksalarm omfattar utstyr og tenester som vert tildelt eldre med nedsett funksjonsevne og andre personar som bur heime og som har behov for å kunna varsle at dei treng hjelp. I ein akutt situasjon skal brukar ved hjelp av tryggleiksalarm ha mogelegheit for å tilkalla hjelp heile døgnet.

Tryggleiksalarm skal vera eit bidrag til at brukarane kan bu heime eller i omsorgsbustad så lenge som mogeleg, auka tryggleik i livssituasjonen og førebyggje behov for andre tenester. For å få tryggleiksalarm frå kommunen er det eit vilkår at det vert montert elektronisk lås på ytterdøra slik at heimetenesta kan låsa deg inn.

Omsorgsteknologi omfattar utstyr som vert brukt for å gjera deg trygg og sjølvhjelpen i eigen heim trass nedsett funksjonsevne. Omsorgsteknologi kan også nyttast for å avlaste pårørande.



Kriteria og vilkår: Før tildeling av tryggleiksalarm vil det bli vurdert om du kan verta hjelpen med andre hjelpemidlar som for eksempel mobiltelefon eller trådlus telefon. Dersom alternativ ikkje finns, vil det blir vurdert om du kan handtera tryggleiksalarm.

Pris: Du betaler eigenandel etter gjeldande satsar i kommunen. Du betaler leige for sjølve tryggleiksalarmen.

Lenkjer:

- [Søknadsskjema](#)
- [Kommunale satsar](#)
- [Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester](#)
- [Søknadsprosess](#)
- [Klagemogelegheter](#)

Lover og retningslinjer: Kommunen sin tryggleiksalarm er ikkje ein lovpålagt teneste.

Har du spørsmål? Kontakt Tildelingskontoret på telefon 56 52 13 00.

3.0 Matombringing

Dersom du ikkje er i stand til å ivareta eige ernæringsbehov som følgje av sjukdom eller funksjonssvikt kan du få hjelp frå heimetenesta til levering av middag etter souse vide der det blir levert kald middag.

Kriteria og vilkår: Heimebuande med fysisk, psykisk eller sosial funksjonshemming som ikkje er i stand til å ivareta sitt eige ernæringsbehov. Det er eit vilkår at ein pliktar seg til kjøp av minst 3 middagar i veka.

Pris: Pris per porsjon blir vedteke årleg av kommunestyret og vert å finna her: Faktura vert sendt ut etterskotsvis kvar månad.

Lenkjer:

- [Søknadsprosess](#)
- [Klagemogelegheter](#)



Lover og retningslinjer: Matombringning er ikkje ei lovpålagt teneste.

4.0 Følgjekort / Ledsagarbevis

Har du ein fysisk eller psykisk funksjonshemming med behov for bistand til dei fleste av gjeremåla i dagleglivet kan du søkja om følgjekort/ledsagarbevis. Følgjekort/ledsagar får fri adgang, eventuelt redusert pris til mange kultur- og fritidsarrangement i Voss kommune, samt til ein del offentlege transportmiddel. Kortet gjeld også i andre kommunar som har ordninga.

Kriteria og vilkår: Det vert ikkje gjort ei økonomisk behovsprøving i samband med søknaden. Ordninga er ikkje avhengig av om du mottek trygdeytningar. Ein kan søkje om ledsagarbevis etter fylte 8 år.

Om søknadsprosessen: Du må leggja ved passfoto.

Lover og retningslinjer: Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Det er eit fylkeskommunalt tilbod der søknaden vert sendt til Hordaland fylkeskommune for behandling og det vert fatta vedtak av fylkeskommunen. Dersom ein ynskjer å klage vedtaket skal klagen sendast til fylkeskommunen.

Lenkjer:

- [Informasjon om ordninga](#)
- [Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker \(forvaltningsloven\)](#)
- [Søknadsprosess](#)

5.0 Dagaktivitetstilbod

Dagaktivitetstilbod er ein del av det kommunale omsorgstilbodet. Voss kommune har dagaktivitetstilbod til menneske med fysisk og/eller psykisk funksjonshemming, personar med psykisk lidning, eldre og menneske med demens.

Oasen dagsenter er eit lågterskeltilbod for personar med psykiske lidningar. Det er ikkje naudsynt med søknad på denne tenesta då tilbodet er ope for alle.



Faktorar som vert tatt med i vurderinga er mellom anna:

- om ein er einsam og eller ynskjer å delta i eit sosialt fellesskap
- om ein treng aktivisering og/eller rehabilitering
- om ein har behov for å oppretthalde meistring av ferdigheitar
- om ein som pårørande har særleg tyngjande omsorgsoppgåver og treng avlastning

Pris: Ein betalar eigenandel for dagplass etter gjeldande satsar i kommunen.

Lover og rettigheter: Dagtilbod er ikkje ei lovpålagt teneste, men kan ytast for å dekkja eit hjelpebehov som gjer rett til tenester etter lov om sosiale tenester i NAV. Sjå blant anna sosialtenesteloven §12.

- [Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker \(forvaltningsloven\)](#)
- [Sosialtenesteloven](#)

Lenkjer:

- [Kommunale satsar](#)
- [Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester](#)
- [Søknadsprosess](#)
- [Saman om pårørande](#)

6.0 Omsorgsbustad

Kommunal omsorgsbustad er tilrettelagt for menneske med nedsett funksjonsevne både fysisk og/eller psykisk. I omsorgsbustad betalar du husleige som i eit vanleg leigeforhold.

Omsorgsbustad kan vera med og utan stasjonær bemanning. Det er nokre omsorgsbustader inne på institusjonen Vossestrand og ein inne på Voss sjukeheim for eldre.

Kriteria og vilkår: Omsorgsbustad vert tildelt søkjarar med vesentleg nedsett funksjonsevne, fysisk, psykisk og/eller sosialt.



Pris: Kommunen fastset husleige, ut frå bustaden sin standard, storleik og den vanlege leigeprisen i området. Når du får tildelt bustad vert det inngått ordinær leigeavtale med kommunen. Du kan søkje om bustøtte etter alminnelige reglar.

Lover og retningslinjer: Dette er ei ikkje lovpålagt teneste. Opphald i omsorgsbustad vert regulert gjennom husleigekontrakt, jf. Husleigeloven. Tildeling av omsorgsbustad er eit enkeltvedtak med dei rettar og pliktar som fylgjer av forvaltingslova.

- [Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker \(forvaltningsloven\)](#)
- [Lov om husleieavtaler \(husleieloven\)](#)
- [Forskrift om en verdig eldreomsorg \(verdighetsgarantien\)](#)

Lenkjer:

- [Søknadsskjema](#)
- [Søknadsprosess](#)
- [Bustøtte](#)

7.0 Førebyggjande heimebesøk

Voss kommune tilbyr førebyggjande heimebesøk til eldre. Føremålet er å ha ein heilskapleg tilnærming som fremmar individuell livskvalitet, eige helse- og funksjonsnivå. Fokus er å styrkja trivsel, tryggleik og helse, samt førebygga helseskadar i heimen. Det blir gjeve informasjon om tenester og tilbod som finns i kommunen både i offentlig og privat regi. Samtale rundt tryggleik i heimen, fysisk aktivitet, ernæring, fysisk/ psykisk og sosial helse.

Tilbodet gjeld eldre personar som ikkje allereie mottek tenester frå kommunen sin pleie- og omsorgsteneste. Alle vil få eit tilbod om heimebesøk det året dei fyller 80 år. Innbyggjarar over 75 år kan sjølv ta kontakt om dei ynskjer eit besøk. Det er heimetenesta som sender ut informasjon.

Lenkjer:

- [Førebyggjande heimebesøk](#)



8.0 Praktisk bistand/daglege gjeremål (heimehjelp og miljøarbeid)

Du har rett på hjelp til nødvendige, praktiske gjeremål i heimen dersom du på grunn av sjukdom eller funksjonshemming ikkje er i stand til å utføre slike oppgåver sjølv.

Du kan få hjelp til daglegdagse gjeremål som reingjering og klesvask. Du vil også kunne få rettleiing og hjelp til å finne løysingar som gjer deg mest mogeleg sjølvhjelpen i dagleglivet.

Miljøarbeid omfattar opplæring og rettleiing til personar med nedsett funksjonsevne. Miljøarbeid er opplæring og rettleiing i dagleglivet sine gjeremål og sosiale ferdigheiter. Tenesta skal fremma læring, meistring og auka sjølvstende. Hjelp skal tilpassast i samarbeid med tenestemottakar/brukarrepresentant og skal vurderast fortløpande.

Tenestemottakar er over 18 år og bur i eigen bustad.

Kriteria:

- Medisinsk diagnose
- Opplæringspotensial
- Evne til eigenomsorg
- Eigeninnsats frå tenestemottakar

Generelle retningsliner for tildeling:

Gjennom råd og rettleiing og med utgangspunkt i tenestemottakars behov, skal ulike løysingar verta vurdert. Det skal fokuserast på kva tenestemottakar kan gjera sjølv, kva pårørande/nettverket kan gjera, dagsenter, frivillige og liknande.

Det skal sikrast at den som mottek tenestene skal vera mest mogeleg sjølvstendig for å kunne bu i eigen bustad så lenge som mogeleg.

Kriteria og vilkår: Dersom du får tildelt tenester, vil me saman med deg avklara kva heimehjelpa skal hjelpe deg med.

Pris: Tenesta er betalingspliktig etter gjeldande kommunale satsar.



Lenkjer:

- [Kommunale satsar](#)
- [Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester](#)
- [Søknadsprosess](#)

Lover og retningslinjer: Dette er ei lovpålagt teneste. Sjå mellom anna Helse- og omsorgstjenestelova §3-2, fyrste ledd nr. 6 bokstav b.

- [Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker \(forvaltningsloven\)](#)
- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m \(helse- og omsorgstjenesteloven\)](#)
- [Lov om helsepersonell m.m \(helsepersonell loven\)](#)
- [Rett til egen tros- og livssynsutøvelse](#)
- [Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester](#)
- [Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstenester](#)
- [Forskrift om en verdig eldreomsorg \(verdighetsforskriften\)](#)

9.0 Psykiske helsetenester

Dersom du har psykiske vanskar eller lidningar som er korte, forbigåande (kan oppstå i forbindelse med kriser) eller langvarige og kroniske har kommunen tilbod som skal styrke evna di til å meistre livet. Dette kan vera å få hjelp til å finne sosiale aktivitetar, råd og rettleiing til deg og/eller dine pårørande, samtalegrupper med meir.

Kriteria og vilkår: Det er ditt behov som avgjer om du vil kunne motta tenesta som til dømes medisinhandtering, støttesamtalar og oppfølging, individuelt eller i gruppe.

Pris: Tenesta er gratis.

Lenkjer:

- [Søknadsprosess](#)
- [Informasjon om låvterskeltilbod dagsenteret Oasen](#)

Lover og retningslinjer: Dette er ein lovpålagt teneste. Sjå blant anna helse- og omsorgstjenesteloven §3-2.



- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m \(helse- og omsorgstjenesteloven\)](#)
- [Lov om helsepersonell m.m \(helsepersonelloven\)](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter \(pasient- og brukerrettighetsloven\)](#)
- [Forskrift om begrensinger i helsepersonells adgang til å motta gaver, provisjon, tjenester eller andre ytelser](#)
- [Helsetenesten og politiets ansvar for psykisk sjuke – oppgaver og samarbeid \(rundskriv\)](#)
- [Nasjonale faglige retningslinjer for utredning, behandling og oppfølging av personer med samtidig ruslidelse og psykisk lidelse - ROP](#)
- [Psykisk helsearbeid for barn og unge i kommunen \(IS-1405\)](#)
- [Psykisk helsearbeid for voksne i kommunene \(IS-1332\)](#)
- [Rett til tros- og livssynsutøvelse](#)
- [Sammen om pårørende](#)
- [Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator](#)
- [Oppfølgingsplan for arbeid og psykisk helse](#)

10.0 Tilrettelagte butilbod – psykisk helse

Voss kommune har 13 plassar i tilrettelagt butilbod, med varierende grad av tenesteyting for personar med langvarige psykiske lidingar. Dette er omsorgsbustader med bemanning.

Kriteria og vilkår: Kommunen tildeler omsorgsbustad etter vedtekne reglar. Søkjar må vera diagnostisert av den psykiatriske spesialisthelsetenesta, og den medisinske og sosiale situasjonen må vera kartlagt. Den fyrste behandlingsfasen skal vera gjennomført før søknad vert fremja. Det må vera grunn til å tru at lidinga vil vera langvarig og at butilbodet vil vera naudsynt for å meistre det å bu sjølvstendig.

Pris: Husleige varierer frå bustad til bustad. Det kan søkjast om bustøtte.

Om søknadsprosessen: Du kan kontakta bustadkontoret, for tida lokalisert ved NAV Voss for å få hjelp til å søkje.

- [Søknadsprosessen](#)



Lover og retningslinjer: Dette er ikkje ei lovpålagt teneste. Opphald i omsorgsbustad vert regulert gjennom husleigekontrakt, jf. Husleigeloven. Tildeling av omsorgsbustad er eit enkeltvedtak med dei rettar og plikter som følgjer forvaltningslova.

- [Lov om behandlingmåten i forvaltningssaker \(forvaltningsloven\)](#)
- [Lov om husleieavtaler \(husleieloven\)](#)
- [Forskrift om en verdig eldreomsorg \(verdighetsgarantien\)](#)

11.0 Miljøterapi rus

Dersom du har problematisk bruk av alkohol, illegale rusmidlar og/eller føreskrivne medikament, kan du få hjelp til å meistre kvardagen. Tenesta inneber tilpassa oppfylging av rusavhengige, til dømes: avklaring av motivasjon, bustadsosialt arbeid eller tett oppfylging ved behov. Kommunen kan tilby samtalar for støtte og motivering for å redusere og/eller slutte med rusmidlar. Fastlegen eller NAV kan hjelpe deg med å ta kontakt med tenesta.

Kriteria og vilkår: Søkjar må ynskje hjelp og/eller vere villig til å ha kontakt med tenestene. Tenestene vert tilbydd personar med rusproblem uavhengig av alder og kva rusmiddel som nyttast.

Pris: Tenesta er gratis

Lenkjer:

- [Søknadsprosess](#)

Lover og retningslinjer: Dette er ei lovpålagt teneste.

- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m \(helse- og omsorgstjenesteloven\)](#)

12.0 Støttekontakt

Dersom du treng hjelp til å få ei aktiv fritid eller koma ut av eit isolert tilvære på grunn av funksjonshemming eller sosiale utfordringar kan du søkje om støttekontakt. Støttekontakt får godtgjersle frå kommunen.



Tenesta kan organiserast på følgande måte:

- Individuell støttekontakt/treningskontakt
- Deltaking i aktivitetsgruppe
- Eit individuelt tilbod i samarbeid med en frivillig organisasjon

Kriteria og vilkår: I samarbeid med deg vil kommunen avgjere om du skal få støttekontakt eller eventuelt andre tenester. Det er ditt behov som er avgjerande. Støttekontaktar må underteikne teieplikt.

Pris: Tenesta er gratis. Du skal ikkje betale for støttekontakten sine utgifter.

Lenkjer:

- Søknadsprosess

Lover og retningslinjer: Dette er ei lovpålagt teneste. Sjå helse- og omsorgstjenesteloven §32, fyrste ledd nr.6 bokstav b.

- [Lov om pasient- og brukerrettigheter](#) (pasient- og brukerrettighetsloven)
- [Lov om behandlingssaker i forvaltningssaker](#) (forvaltningsloven)
- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m](#) (helse- og omsorgstjenesteloven)

13.0 Brukarstyrt personleg assistanse (BPA)

Brukarstyrt personleg assistanse (BPA) er ein alternativ måte å organisera praktisk bistand/opplæring og heimesjukepleie på, for personar som grunna nedsett funksjonsevne er heilt eller delvis avhengig av praktisk og/eller personleg hjelp for å klara sine gjeremål, både i og utanfor heimen.

Tenesta føreset at tenestemottakar, eller deira pårørande/verje, kan delta aktivt i organisering, administrering og planlegging av oppgåver. Kommunen eller privat aktør kan også vera arbeidsgjevar.

Kriteria og vilkår: Personen som får tildelt tenesta må vera i stand til å ta arbeidsleiarrolla eller ha ein nærstående person som kan vera arbeidsløiar.



Kven har rett på tenester organisert som BPA?

- Personar under 67 år som er tildelt meir enn 25 timar praktisk bistand per veke.
- Foreldre som har born med store funksjonsnedsettingar og som er tildelt meir enn 25 timar per veke.
- Felles er at personane må ha eit langvarig tenestebehov utover 2 år
- Når det er føremålstenleg å samordna tenester. Kommunen vil finne den løysinga som best kan ivareta fleksibiliteten og heilskapen i det offentlege tenestetilbodet

Pris: Det skal betalast eigenandel for den del av tenesta som er knytt til praktisk bistand daglege gjeremål.

Lenkjer:

- [Kommunale satsar](#)
- [Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester](#)
- [Søknadsprosess](#)

Lover og retningslinjer: Dette er ein lovpålagt teneste etter helse- og omsorgstjenesteloven. Sjå blant anna Helse- og omsorgstjenestelova §3-2, fyrste ledd nr. 6 bokstav b og §3-8 og Pasient og brukarrettighetslova §2-1a og 2-1 d

- [Lov om behandlingssmåten i forvaltningsaker \(forvaltningsloven\)](#)
- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m \(helse- og omsorgstjenesteloven\)](#)
- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m \(helse- og omsorgstjenesteloven\) §3-2](#)
- [Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester](#)
- [Brukerstyrt personlig assistanse](#)
- [Lov om pasient- og brukarrettigheter \(pasient og brukarrettighetsloven\) §2-1a](#)
[Rett til nødvendig hjelp fra kommunens helse- og omsorgstjeneste](#)
- [Lov om pasient- og brukarrettigheter \(pasient- og brukarrettighetsloven\) §2-1d](#)
[Rett til brukarstyrt personlig assistanse](#)
- [Brukerstyrt personlig assistanse \(rundskriv\)](#)
- [Rett til egen tros- og livssynsutøvelse](#)



14.0 Helsetenester i heimen (heimesjukepleie)

Heimesjukepleien utfører pleie og omsorg, medisinske oppgåver og tilsyn med personar som bur i eigen bustad. Tenesta førebyggja behov for heildøgns butilbod ved å leggja til rette for at brukarane kan bu lengst mogeleg i eigen heim.

Brukar vil kunne få rettleiing og opplæring som gjer at vedkommande i størst mogeleg grad vert sjølvhjelpen i å meistre grunnleggande behov knytt til helse og omsorg.

Kriteria og vilkår: Du kan få heimesjukepleie dersom du ikkje er i stand til å oppsøke helsetenester sjølv. Det er di trong som avgjer om du har krav på å motta tenester. Døme på kva du kan få hjelp til er: hjelp med å laga til og ta medisinar, tillaging av måltid, hjelp med personleg hygiene, rettleiing og opplæring til eigenmeistering m.m.

Heimesjukepleien vil saman med deg finne gode løysingar som gjer deg mest mogeleg sjølvhjelpen. Nokon treng hjelp ein kort periode, medan andre vil trenge langvarig hjelp. Dette vil heimetenesta vurdera saman med deg.

Pris: Tenesta er gratis

Lenkjer:

- [Søknadsprosess](#)

Lover og retningslinjer: Dette er ein lovpålagt teneste. Sjå helse- og omsorgstjenesteloven §§3-1 og 3—2, fyrste ledd nr. 6 bokstav a. Se også pasient- og brukerrrettighetsloven kapittel 7.

- [Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker \(forvaltningsloven\)](#)
- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m \(helse- og omsorgstjenesteloven\)](#)
- [Lov om helsepersonell m.v \(helsepersonelloven\)](#)
- [Lov om pasient- og brukerrrettigheter \(pasient- og brukerrrettighetsloven\)](#)
- [Rett til egen tros- og livssynsutøvelse](#)
- [Forskrift om habilitering og rehabilitering, individuell plan og koordinator](#)
- [Forskrift om kvalitet i for pleie- og omsorgstenestene](#)
- [Forskrift om en verdig eldreomsorg \(verdighetsgarantien\)](#)
- [Forskrift om begrensninger i helsepersonells adgang til å motta gave, provisjon, tjeneste eller annen ytelse.](#)



15.0 Kvardagsrehabilitering

Kvardagsrehabilitering er eit tilbod om intensiv kvardagstrening, tilrettelegging og støtte til meistring av daglege aktivitetar for heimebuande som har begynnande hjelpebehov eller behov for rehabilitering. Dette passar for dei som har hatt eit fall i funksjon og har fått problem med kvardagslege aktivitetar, og som ynskjer å trene seg opp til å meistra desse igjen. Tenesta vert gjeven av eit tverrfagleg team bestående av fysioterapeut, ergoterapeut og heimetenesta. Teamet gjer ein systematisk kartlegging over viktige aktivitetar som du ynskjer å meistra. I samråd vil det utarbeidast mål for kva ein syns er viktig i kvardagen og ein treningsplan som ein skal nytta i heimen. Ein jobbar tett saman i ein avtalt periode på inntil 8 veker. Det vil vera evaluering og justering av mål undervegs.

Kriteria og vilkår: Det er krav om eigeninnsats for å motta kvardagsrehabilitering, og ein må vera motivert og innstilt på å gjere ein innsats for å vinna att det ein tidlegare meistra.

Føremålet med tenesta er å bidra til at innbyggjarar skal klara seg best mogeleg i eige liv. Intensiteten i kvardagstrening vil difor avta i takt med betring i funksjon.

Pris: Tenesta er gratis.

Lenkjer:

- [Søknadsprosess](#)

Lover og retningslinjer: Tilbodet er ikkje lovpålagt.

16.0 Omsorgsstønad (omsorgsløn)

Omsorgsytar- familiemedlem eller andre nærstående med særleg tyngande omsorgsarbeid – kan søkja om omsorgsstønad. Omsorgsstønad skal gje ein viss kompensasjon til personar som har særleg tyngjande omsorgsarbeid og stimulera dei til å yte ein innsats. Kommunen avgjer om omsorgsløn skal gjevast og kva nivå løna skal ligge på.



Kriteria og vilkår: Ein må ha eit særleg tyngjande omsorgsarbeid. Kommunen føretek ei kartlegging og vil etter ei fagleg og heilheitleg vurdering avgjerde saka. Moment som kan takast med i vurderinga:

- Det er søkt om hjelpestønad frå NAV
- Om ein arbeidar mange timar per månad med omsorgsarbeid
- Om omsorgsarbeidet er meir fysisk og psykisk belastande enn vanleg
- Om omsorgsarbeidet inneberer mykje nattevåk eller avbrot i nattesøvn
- Om omsorgsarbeidet fører til sosial isolasjon og mangel på fritid

Lenkjer:

- [Søknadsprosess](#)

Lover og retningslinjer: Kommunen pliktar å sørge for denne tenesta. Det vil sei at kommunen må løyva midlar til omsorgsløn på budsjettet. Lova gjev likevel ikkje omsorgsytar/søkjjar noko rettskrav på tenesta.

- [Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker \(forvaltningsloven\)](#)
- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m \(helse- og omsorgstjenesteloven\) §3-6](#)
- [Omsorgsstønad](#)
- [Omsorgsstønad \(rundskriv\)](#)

17.0 Avlastning

Avlastning kan tildelast personar eller familiar med særleg tyngjande omsorgsbehov for å avlaste pårørande som er i ein særskilt krevjande omsorgssituasjon.

Avlastningstenester kan gjevast som heimhjelp til den som har «særleg tyngjande omsorgsoppgåver» i heimen, for eldre som dagaktivitetstilbod eller avlastningsopphald på sjukeheim, for utviklingshemma i eigne avlastningsbustader, timeavlastning i eller utanfor heimen eller institusjon.

Avlastning skal hjelpa pårørande:

- Ved å redusera omsorgsbelastninga
- Ved å gje mogelegheit for feriar
- Ved å gje rom for deltaking i samfunnsaktivitetar
- Ved å gje tid til å pleie familierelasjonar og sosialt nettverk



Kriteria og vilkår:

- Dersom omsorgsarbeidet er særleg tyngjande
- Dersom omsorgsarbeidet er av ein slik karakter at den omsorgstrengande ikkje kan vere åleine heile eller store delar av døgnet, og dette medfører bergensa moglegheit til nødvendig og regelmessig ferie og fritid til omsorgsytar.
- Omsorgsbehovet kan vere av fysisk, psykisk eller sosial karakter og det må medføra større behov for hjelp enn det som normalt er forventa i forhold til alder (kriteriet gjeld spesielt barn).
- Den omsorgstrengande må ha eit omfattande og varig omsorgsbehov som i hovudsak vert teke hand om av privat omsorgsytar.
- Den omsorgstrengande må vera heimebuande eller midlertidig opphalde seg i kommunen.
- Avlastning skal ivareta omsorgsytaren sine behov, det skal kartleggjast og gjerast ein sjølvstendig vurdering av pårørande sitt behov for avlastning og fattast vedtak om tiltak.

Pris: Nokon avlastningstilbod er gratis, medan andre avlastningstilbod har ein eigenandel

Lenkjer:

- [Retningslinjer](#)
- [Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester](#)
- [Søknadsprosess](#)

Lover og retningslinjer: Dette er ei lovpålagt teneste etter helse- og omsorgstjenesteloven. Sjå Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-6, fyrste ledd nr 2. Kommunen sitt ansvar for helse- og omsorgstenester og Pasient- og brukerrettighetsloven § 2-8 Tiltak ved særlig tyngande omsorgsoppgåver.

- [Lov om behandlingssmåten i forvaltningssaker \(forvaltningsloven\)](#)
- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m \(helse- og omsorgstjenesteloven\)](#)
- [Kommunens ansvar for helse- og omsorgstenester](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter \(pasient- og brukerrettighetsloven\)](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter \(pasient- og brukerrettighetsloven\)](#)



18.0 Korttidsopphald i institusjon

Du kan søkje om korttidsopphald i institusjon dersom du for eksempel treng rehabilitering etter sjukdom, observasjon eller medisinsk vurdering som ikkje krev innlegging i sjukehus. Korttidsopphald er eit målretta og tidsavgrensa opphald i institusjon. Korttidsopphald skal vera eit bidrag til at brukar kan bu lengst mogeleg i eigen heim.

Ein skiljer mellom ulike typar korttidsopphald:

- Rehabilitering
- Behandling/utgreiing
- Avlasting
- Vekselpleie

Ikkje lovpålagte korttids plasser:

- Tryggleiksplass
- Omsorgsrom

Kriteria og vilkår: Brukarar som for ein tidsavgrensa periode har trong for døgnkontinuerleg observasjon, vurdering, pleie, behandling, tilsyn og/eller rehabilitering eller omsorg ved livets slutt. Det er kommunen saman med deg som søkjar som bestemmer kva teneste som skal bli gitt.

Pris: Korttids plass belastast med ein eigenandel.

Lenkjer:

- [Kommunale satsar](#)
- [Forskrift for eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester](#)
- [Søknadsprosess](#)

Lover og retningslinjer: Dette er ei lovpålagt teneste etter helse- og omsorgstjenesteloven. Sjå mellom anna Helse- og omsorgstjenesteloven §3-2, fyrste ledd nr.6 bokstav c Kommunens ansvar for helse- og omsorgstjenester. Pasient- og brukerrettighetsloven §2-8 tiltak ved særlig tyngende omsorgsoppgaver.

- [Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker \(forvaltningsloven\)](#)



- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m \(helse- og omsorgstjenesteloven\)](#)
- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. \(helse- og omsorgstjenesteloven\) § 3-2](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter \(pasient- og brukerrettighetsloven\)](#)
- [Sosialtjenesteloven](#)
- [Forskrift om kvalitet i pleie- og omsorgstjenestene for tjenesteyting](#)

19.0 Utgreiing av demens

Demens er ei av dei vanlegaste sjukdomstilstandane blant eldre og kommunen tilbyr utgreiing av eldre personar med symptom på demens. Tidleg diagnostisering gjer det mogeleg for personar med demens å ta viktige avgjersler medan dei enno har samtykkekompetanse, og pårørnde kan få god og naudsynt oppfølging, informasjon og avlasting så tidleg som mogeleg.

Utgreiinga skal vera eit bidrag til at personar med demens skal kunne bu i eigen heim så lenge som mogeleg. Det er ynskjeleg å koma i kontakt med brukar og pårørnde så tidleg som mogeleg for å bidra til gode tiltak for å skapa struktur og tryggleik. Målgruppa er alle personar med demens.

Ein kan ta direkte kontakt med demenskoordinator som føretek heimebesøk for kartlegging oppfølging.

Lenkjer:

- [Utgreiing av demens](#)



20.0 Langtidsopphald i institusjon

20.1 Aldersheim

Aldersheim er eit heildøgnsstilbod som vert tilbydd personar som er heilt avhengig av praktisk eller personleg hjelp for å utføra dagleglivets gjeremål. I aldersheim kan ein tilby korttidsopphald eller langtids plass. Aldersheim har ein noko lågare bemanning enn sjukeheim, og eignar seg ikkje for personar med omfattande hjelpebehov.

Kriteria og vilkår: Plass i aldersheim er for personar som er helt avhengig av praktisk eller personleg hjelp for å greie dagleglivet sine gjeremål og der heimetenesta ikkje kan kompensera for funksjonstap. Aldersheim kan då vera det tiltaket som best kan ivareta behovet for tilsyn og bistand. Alle andre aktuelle hjelpetiltak skal vera vurdert og/eller prøvd ut utan særleg effekt før plass i aldersheim vert tildelt.

Pris: Det er eigenbetaling for tenesta i samsvar med Forskrift for eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester

Lenkjer:

- [Kommunale satsar](#)
- [Forskrift for eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester](#)

20.2 Sjukeheim

Langtidsopphald sjukeheim

Opphald utan sluttdato / tidsbegrensa opphald der brukaren sin helsetilstand og behov for helse- og omsorgstenester gjer at det ikkje er sannsynleg at vedkomande flyttar heim eller får tilbod om lågare grad av helse- og omsorgstenester.

Vurderingsliste

Kommunen si oversikt over brukarar som etter søknad har fått vedtak om at dei er kvalifisert til langtidsopphald, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av opphald. Vurderingslista er ikkje eit kø system, og plass på vurderingslista gjev ikkje fyrsterett til ledig plass på sjukeheim.



Bustad særskild tilrettelagt for heildøgns tenester

Bustad der det vert gitt døgnkontinuerleg teneste på eit nivå som kan samanliknast med tilbod i sjukeheim. Tjeneste vert ytt etter individuell vurdering av behov i enkeltvedtak om tenester.

Hovudkriteriet er at langtidsopphald i sjukeheim vert tildelt personar med behov for døgnkontinuerleg oppfølging av medisinsk behandling og/eller pleie og omsorg, tilsyn og som er varig ute av stand til å ivareta nødvendig eigenomsorg. Grundig kartlegging og vurdering må utførast for å koma fram til om langtidsopphold er rett omsorgsnivå for den enkelte.

Lavast effektive omsorgsnivå (LEON)/ beste effektive omsorgsnivå (BEON) vert nytta som prinsipp ved tildeling av tenester og tiltak i omsorgstrappa. Vurdering av behovet for helsehjelp skjer via kartleggingsverktøyet IPLOS, som er eit lovpålagt helseregister med data som skildrar bilstandsbehov og ressursar til dei som søker eller mottek kommunale helse- og omsorgstenester.

Føresetnadar:

- Alle andre alternative tenester er vorte vurdert og/eller prøvd utan noko særleg effekt.
- Brukar med somatisk helsesvikt og/eller demensdiagnose som har behov for omfattande medisinsk behandling som ikkje kan ystast i heimen.
- Brukar med omfattande døgnkontinuerlig behov for pleie og omsorg, som ikkje kan verta oppfylt tilstrekkeleg i eigen heim eller annan tilpassa bustad.
- Brukar som er varig ute av stand til å ivareta eiga helse og å meistra dagleglivet sine gjeremål på grunn av mentalt eller fysisk funksjonstap.

Kriteria og vilkår: Langtidsopphald i sjukeheim kan etter fagleg vurdering tildelast på grunnlag av fylgjande kriterie: Personen er ute av stand til å ta vare på seg sjølv og kan ikkje meistre dagleglivet sine gjeremål på grunn av mentalt eller fysisk funksjonstap. Det føreligg ikkje sosialt nettverk eller offentlig hjelp som kan kompensera for dette funksjonstapet i eigen heim.

Pris: Det er eigenbetaling for tenesta i samsvar med Forskrift for eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester.



Lenkjer:

- [Kommunale satsar](#)
- [Forskrift for eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester](#)
- [Søknadsprosess](#)

Om søknadsprosessen: Søkjarar som fyller vilkåra for langtidsopphald skal ha vedtak frå tildelingskontoret. Dersom det ikkje er ledig plass skal kommunen setja søkjar på vurderingsliste dersom det er forsvarleg at brukar med omfattande behov for heildøgns helse- og omsorgstenester bur heime i på vente av langtidsopphald i sjukeheim. Dei helse- og omsorgstenestene som vert gitt i ventetida, skal til ei kvar tid vera forsvarlege og behovsdekkjande.

Ved ledig plass skal alle på vurderingslista vurderast av tildelingskontoret, og den med størst hjelpebehov ut frå vurderingsmomenta i § 4 skal prioriterast. Tildelingskontoret har ansvar for å halde oversikt over personar som ventar, samt å vurdere situasjonen kontinuerleg. Dersom det oppstår ein situasjon der det hastar for den enkelte brukar å få eit langtidsopphald, skal det utan opphald verta gjeve tilbod om opphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad tilrettelagt for heildøgns tenester.

Lover og retningslinjer:

- [Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker \(forvaltningsloven\)](#)
- [Lov om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m \(helse- og omsorgstjenesteloven\)](#)
- [Loven om helsepersonell m.v. \(helsepersonelloven\)](#)
- [Lov om pasient- og brukerrettigheter \(pasient- og brukerrettighetsloven\)](#)
- [Forskrift for sykehjem og boform for heldøgns omsorg og pleie](#)
- [Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstenester](#)
- [Forskrift om kvalitet i for pleie- og omsorgstenestene](#)
- [Forskrift om en verdig eldreomsorg](#)
- [Forskrift om tildeling av langtidsplass i sjukeheim](#)
- [Rett til egen tros- og livssynsutøvelse](#)